



Grasrotordninga støttar opp om viktige aktiviteter.

274 spelarar på Norsk Tipping har bidrege med 116.724, 46 kr til lagslivet i Uskedalen. Det er ein auke på 13.700 kr frå 2013. Idrettslaget toppar naturleg nok med nær 67.000 etter ein flott auke på vel 12.000 siste året. Skulemusikken fekk nest mest med vel 27.000. Dei hadde også ein fin auke.

Grasrotandelen er ein fin måte å støtte lagslivet i bygda på. Vi ser og at det verkeleg monar når så mange av dei som spelar på Norsk Tipping er med på ordninga. I 2014 hadde Uskedalslaga 274 støttespelarar gjennom denne ordninga. Det er ein auke på 12 frå året før.

Talet på støttespelarar:

- Uskedal helselag: 32 (+1)
- Uskedal idrettslag: 117 (+ 6)
- Uskedal skulemusikk: 77 (-)
- Uskedal ungdomslag: 19 (+ 2)
- Uskedal utvikling: 5 (+3)
- Røysterett for alle: 24 (-)

Oversikt over støtte til dei ulike laga:

- Uskedal helselag: 7.090, 89kr (- 953,16kr, - 11,9%)
- Uskedal idrettslag: 66.774, 24kr (+12.302,33kr, + 22,8%)
- Uskedal skulemusikk: 27.237,91kr (+3.375,45kr, + 14,1%)
- Uskedal ungdomslag: 4896,82kr (+207,32kr, + 4,4%)
- Røysterett for alle: 7764,63kr (-4109,30kr, -34,6%)
- Uskedal utvikling: 2959,97kr (+ 2757,97kr, då dei vart registrert seint på året 2013, er ikkje samanlikninga reell).

Grasrotandelen er ein flott måte å støtte laga på. Det kostar ikkje gjevarane noko. Derfor bør alle som spelar, vera med på ordninga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel